

Månadsbrev juni 2019



"Den lille prinsen" er ein klassikar; 1.-6. klasse likte framsyninga, og 5.-6. klasse storkoste seg som vikingar. På morgonsamlinga lærte mellomtrinnet oss det meste om ulike merkedagar i mai, grunnlova og demokrati, noko rådmannen spann vidare på då han delte ut skulebollar og snakka om ytringsfridom og å respektera andre sine meiningar. Karmen halde ein flott appell på markeringa av motstandkampen sin dag og ungdomsskuleelevane lærte mykje om energi på vitendag på Tonstad. 1. klasse fekk seg ein gild tur til Ålgård for å ta klassebilete 29. mai, samt besøk på Vitenfabrikken på Sandnes.

Sosialt mål for juni er å visa omsyn og ha respekt for andre. Gode døme på det er å hjelpa andre, lytta godt når nokon fortel noko, seia i frå om noko vert øydelagt og ta vare på eige og skulen sitt utstyr.



Juni og måndag 3. byrjar med **opning av bokåret i Agder** på biblioteket med nostalgisk (?) bokbussbesøk og forfattar Andre Vaaler og musikar Oscar Jahnsen som presenterer boka *Direkte rødt*, om fotball og hovudpersonen Jimmy Parkas, på ulike måtar. Etterpå vert det ei lita **morgonsamling** med oppsummering av året som gjekk. 4. juni informerer bibliotekar Anja Haugom 1.-6. klasse om **Sommarles 2019** og passar på at alle er registrerte digitalt slik at dei får registrert alt dei les i løpet av sommaren. God lesing! Onsdag 5. juni er det **innskriving**, og me ynskjer dei fire neste års 1.-klassingar velkomen! 6. juni er det **sommaravslutning** med italiensk aften for **8. og 9. klasse** der dei serverer tre rettars middag til foreldre og klassestyrar før fotballkamp, og 7. juni er det **avslutningsfest** for **Zippys venner** i 1.-4. klasse.

Så langt har det gått slag i slag, så det passar kanskje å pusta litt ut i pinsehelga, før ungdomsskuleelevane har **årsprøvar** i norsk hovudmål (11.), norsk sidemål (12.), engelsk (13.) og matematikk (17.). Lukke til! 11. juni samlast alle frå **0.-6. klasse** til si **sommaravslutning** på skulen med framsyningar i gymsalen og grilling ute, før det er **skuleonsdag** for 1.-4. klasse **både** 12. og 19. juni. 19. juni er **småskulen** inviterte på besøk til **Tonstad på aktivitetsdag**. Då er det ikkje fleire dagar att, og me **avsluttar skuleåret** på Tjørhom med TL-aktivitetar torsdag 20. juni. Vel blåst skuleår og god sommar!

Innimellom her skal saka om om- og påbygging på Sinnes skule opp i alle råd og utval, og det skadar ikkje å møta opp på **kommunestyremøtet 13. juni kl. 18.00** på Tonstad!

Sinnes 28.05.19, Åse-Berit (rektor)



- når ein ikkje veit om det er tysdag eller laurdag...